



SOMMERKURS

 musikkorps.no

Velkomen til sommarkurs!

Vi takkar for påmeldinga til sommarkurs! Du er meldt på til Gult kurs på Molde Folkehøgskole i Molde, torsdag 6. juli til søndag 9. juli 2017.

Her kommer informasjon om kurset



20 deltakarar er påmelde i skrivande stund på det gule kurset. Vi gler oss til kjempeflotte dagar med mykje musikk og aktivitetar, og vi skal gjere vårt aller beste for at du skal få både trivelege og lærerike dagar!

Frammøte:

Molde Folkehøgskole, Molde, torsdag 6. juli mellom klokka 14 og 15.

Avslutningskonsert:

Uformell avslutningskonsert på folkehøgskulen klokka 13 søndag 9. juli. Vi håpar slekt og vener tek turen for å høyre på!

Opphald: Innkvartering med sovepose / dyne i senger på to-, tre- og firemannsrom. Deltakarar frå same korps vil så langt som råd bli plassert på same rom.

Det vert servert tre måltid per dag: frukost, middag og kveldsmat. Sjølvsgat blir det tilsyn av vakse personale heile døgnet. Det er lurt å ha spist litt på førehand slik at ein ikkje blir svolten like etter kursstart.

Musikalsk leiar for kurset er Lars Andre Gudmundset og leirsjef er Asbjørn Faleide fristad

Oversikt over av alle lærarane på kursa ligger ute på NMF Nordvest sine heimesider.

Har du spørsmål før kurset? Send en mail på nordvest@musikkorps.no eller ring på tlf. 98241164

Kontaktinfo under kursuka:

Leirsjef Asbjørn Faleide fristad tlf. 99305122
NMF Nordvest 98241164 nordvest@musikkorps.no



SOMMARKURS 2017

Hugs å ta med:

- ☺ Feilfritt instrument med tilhørende utstyr
- ☺ Notestativ (hugs å merke med namn!)
- ☺ Sovepose eller dyne/pute med dynetrekk putevare og laken.
- ☺ Skrivesaker
- ☺ Handkle
- ☺ Note- og skrivebok
- ☺ Toalettsaker
- ☺ Personlege medisinar
- ☺ Treningskle/joggesko
- ☺ Svart bukse og svarte sko
til avslutningskonserten
(t skjorte blir delt ut)
- ☺ Innesko
- ☺ Drikkeflaske

Reglement:



- 1 Elevane pliktar til ei kvar tid å rette seg etter dei beskjedar som blir gjevne av personalet på musikkleiren.
- 2 Alle fastsette frammetider, rosingal, vekke- og etetider skal overhaldast.
- 3 Elevane skal møte opp i god tid før kvar undervisningstime slik at dei er speleklare når timen tek til.
- 4 Elevane skal opphalde seg på skulen sitt område under kurset. Ingen må forlate skulen utan løyve frå leirsjef.
- 5 Røyking er forbode innandørs.
- 6 All bruk av alkohol og andre rusmiddel er forbode.
- 7 Det skal vere sovero på paviljongane frå kl 22.00 til 07.00.
- 8 Brot på reglementet vil føre til utvising frå musikkleiren utan tilbakebetaling av kursavgifta. Rapport vert sendt til korps og regionstyret.



Energidrikker som Red Bull og liknande er ikkje lov på sommarkurset

